



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

NIBIO RAPPORT | NIBIO REPORT

VOL.: 2, NR.: 20, 2016

Økonomien i jordbruket på Vestlandet

Trender og økonomisk utvikling 2004 - 2014



INGRID ROMSAAS OG HEIDI KNUTSEN

NIBIO Bergen

TITTEL

ØKONOMIEN I JORDBRUKET PÅ VESTLANDET

FORFATTERE

INGRID ROMSAAS OG HEIDI KNUTSEN

DATO/DATE:	RAPPORT NR.:	TILGJENGELIGHET:	PROSJEKT NR.:	SAKSNR.:
18.02.2016	2/20/2016	Åpen	14223	2016/173
ISBN-NR.:	ISBN DIGITAL VERSJON:	ISSN-NR.:	ANTALL SIDER:	ANTALL VEDLEGG:
978-82-17-01580-2	1	2464-1162	98	0

OPPDRAAGSGIVER:

Landbruks- og matdepartementet

KONTAKTPERSON:

Ingrid Romsaas

STIKKORD:

Vestlandet, utvikling, økonomi, distriktstall

FAGOMRÅDE:

Landbruksøkonomi

SAMMENDRAG:

Ein oversikt over utviklinga i landbruket dei siste 10 åra i Vestland fylke Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal vert presentert. Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2014 var det med totalt 912 bruk, der 172 var frå Vestlandet; 59 i Hordaland, 60 i Sogn og Fjordane og 53 i Møre og Romsdal. Resultata for 2014 visar eit godt år for driftsforma frukt som oppnådde høgast jordbruksinntekt per årsverk dette året. Lågast jordbruksinntekt hadde driftsformane sau- og storfekjøttproduksjon. Investeringane auka i 2014, men var lågare på Vestlandet enn for landsgjennomsnittet. Samla gjeld auka med sju prosent for vestlandsbonden.

LAND: Norge
 FYLKE: Hordaland
 KOMMUNE: Bergen
 STED: Bergen

GODKJENT / APPROVED



HILDEGUNN NORHEIM

NAVN/NAME

PROSJEKTLEDER / PROJECT LEADER



TORBJØRN HAUKÅS

NAVN/NAME



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

FORORD

Driftsgranskingane er ei årleg rekneskapsgransking som i 2014 omfatta 912 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er stort, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Denne rapporten inneheld lokale data frå Vestlandet.

Rapporten er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. For rekneskapsåret 2014 var det med 172 bruk frå Vestlandet i granskinga. Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er eit årleg fellesprosjekt, som krev stor innsats av medarbeidarar ved fleire av NIBIO sine kontor. Distriktskontoret i Bergen har ansvaret for tala frå Vestlandet.

Ingrid Romsaas har skrive rapporten med bidrag frå Heidi Knutsen.

Ås, 18.02.16

Hildegunn Norheim

INNHALD

1	INNLEIING	5
2	DRIFTSRESULTATET I JORDBRUKET PÅ VESTLANDET 2014	6
3	TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING SISTE TIÅRET	10
3.1	Resultatmål i jordbruket	10
3.1.1	Driftsoverskot	10
3.1.2	Vederlag til arbeid og egenkapital	12
3.1.4	Lønsevne	14
3.2	Skogbruket	15
3.3	Totaløkonomi	15
3.4	Nettoinvestering, gjeld og soliditet	17
3.4.1	Nettoinvestering	17
3.4.2	Gjeld	18
3.4.3	Soliditet	19
3.5	Inntektsverknad av jordbruksfrådrag	20
4	VERDISKAPNING I LANDBRUK OG LANDBRUKSBASERT INDUSTRI I HORDALAND OG SOGN OG FJORDANE	23
5	TABELLSAMLING 2010-2014	26
6	FORKLARING PÅ FAGUTTRYKKA I TABELLSAMLINGA	96

1 INNLEIING

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk har ei lang historie. Noregs Vel starta driftsgranskingar alt i 1911. Granskinga vart overteken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI)¹ ved opprettinga i 1947. Hovudformålet med driftsgranskingane er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve på gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit vesentleg omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering. Vidare skal driftsgranskingane gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forskning og utgreiing, gje hjelp til rådgjeving og undervisning og innspel til offentleg politikk og forvaltning. Granskingane skal også gje grunnlag for dokumentasjon for den samfunnsøkonomiske verdiskapinga i landbruk og tilknytte næringar.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane, dei siste åra er tal deltakarbruk noko redusert. I 2014 var det i alt med 912 bruk i driftsgranskingane, dessutan leverte 30 samdrifter data til undersøkinga. Tal frå samdrifter blir handsama separat, og er ikkje med i driftsgranskingmaterialet. Ved utval av bruk, er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekrutterte ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekte ut frå tilskotsregisteret til Landbruksdirektoratet. Uttrekte bruk skal ha ei standard omsetning større enn kr 150 000². Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultat på det enkelte bruket som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig, og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 70 år. Kvart år vert om lag 10 prosent av deltakarbruka skifta ut. Av dei 912 bruka i driftsgranskingane i 2014, kom 172 bruk frå Vestlandet, 59 frå Hordaland, 60 frå Sogn og Fjordane og 53 frå Møre og Romsdal. Denne rapporten tar for seg økonomien i landbruket på Vestlandet i 2014, og viser økonomiske utvikling dei siste ti åra.

Kapittel to gir hovudtala for Vestlandet for 2014 og omhandlar driftsresultatet i jordbruket for dette året. Kapittel tre viser utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien dei siste ti åra. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar, og alle bakgrunnsdata er deflaterte etter konsumprisindeksen. I 2015 vart verdiskaping frå landbruket og landbruksbasert verksemd berekna, mellom anna på bakgrunn av data frå driftsgranskingane i 2013. Resultata frå desse berekningane er kort presenterte i kapittel fire. Kapittel fem er sjølv tabellsamlinga som inneheld tal frå driftsgranskingane for Vestlandet for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for landsdelen, fylka, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Utvalet av bruk i driftsgranskingane skal ikkje vere representativt for jordbruket i kvart fylke, men for regionen. Dette må ein ta omsyn til når ein tolkar resultata eller nyttar tala. Alle dei økonomiske data i kapittel fem (tabellane) er nominelle tal for åra, og dermed ikkje inflasjonsjusterte. Sist i rapporten finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.

¹ NILF vart oppretta i 1986 ved at NLI vart slege saman med Sekretariatet for Budsjettnemnda i jordbruket. Frå 1.7.2015 inngår NILF i NIBIO som er ein fusjon mellom Bioforsk, Skog og landskap og NILF.

² Standard omsetning er normerte tal for omsetning av produkt utan tilskot. Klassifiseringa er felles for EU-statistikken.

2 DRIFTSRESULTATET I JORDBRUKET PÅ VESTLANDET 2014

Hovudtendensar:

- Godt år for frukt- og bærproduksjon på Vestlandet
- Auke i jordbruksinntekta for dei fleste driftsformane
- Lågare investeringar enn for landsgjennomsnittet

Vestlandsbonden oppnådde ei jordbruksinntekt, målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, på kr 274 000 i 2014. Det er ein auke på kr 31 000 frå året før. I gjennomsnitt for landet auka jordbruksinntekta med kr 33 300, til kr 289 300 per årsverk. Jordbruksarealet for vestlandsbruka var i middel 242 dekar.

Jordbruksinntektene gjekk ned for bruka med kjøtproduksjon på storfe, for dei andre presenterte driftsformane auka jordbruksinntekta frå 2013 til 2014. Alle dei presenterte resultatene er middeltal frå grupper av bruk. Det er stor spreiding i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 172 bruka gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket på Vestlandet har vore.

Mjølkeproduksjon

Mjølkeproduksjon har gjennom mange år vore basisen for landbruket på Vestlandet, og det er flest bruk i denne gruppa. Mjølkeprodusentane oppnådde eit svært godt resultat i 2012. Etter ein liten nedgang i 2013, auka jordbruksinntekta igjen for denne gruppa frå 2013 til 2014, med 4 prosent til kr 263 100. Omsett mjølk har auka med 3 700 liter og mjølkeprisen med 21 øre per liter. Produsentane i denne gruppa har ikkje fylt mjølkekvota, det vart levert 89 prosent av kvote i 2014. I alt auka mjølkeinntektene med 7 prosent.

Kjøttproduksjonen gjekk ned med 5 prosent på mjølkeproduksjonsbruka på Vestlandet frå 2013 til 2014, men auke i kjøtprisen gjorde at inntektene frå kjøttproduksjonen vart om lag uendra.

Mjølkeproduksjonsbruka i driftsgranskningane på Vestlandet viste mindre investeringsvilje i 2014 enn året før. Nettoinvesteringa vart meir enn halvert, og var på kr 108 800.

Produksjonsomfanget på mjølkeproduksjonsbruka var på 22 årskyr, uendra frå 2013, dei omsette i gjennomsnitt 151 300 liter mjølk og 4 500 kg storfekjøtt (inkl. kukjøtt). Gjennomsnittleg jordbruksareal var 293 dekar. Arbeidsinnsatsen var den same som året før, 1,9 årsverk à 1 845 timar.

Kombinert mjølkeproduksjon og sauehald

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og sauehald oppnådde 2014 ei jordbruksinntekt per årsverk som var kr 5 000 høgare enn for dei reine mjølkeproduksjonsbruka. I alt vart jordbruksinntekta kr 268 100 for desse bruka, det var om lag det same som i 2014. Både mjølkeproduksjon og kjøttproduksjon på storfe gjekk ned på desse bruka, med høvesvis 6 og 12 prosent. Bruka oppnådde same prisar på mjølk og storfekjøtt som dei reine mjølkeproduksjonsbruka.

For sauehaldet var det berre små endringar i produksjonen frå 2013, prisen på sau- og lammekjøtt auka med 3 prosent. Totalt auka likevel produksjonsinntektene med 1 prosent.

Reduserte førkostnader ga lågare variable kostnader, medan dei faste kostnadene utanom avskrivningar auka med 9 prosent. Det var særleg kostnadene til vedlikehald som auka. Avskrivningane gjekk noko ned (2 prosent). Nettoinvesteringa for desse bruka var på kr 51 800.

Gruppa omfatta 17 bruk i 2014. Gjennomsnittleg jordbruksareal var 353 dekar. Bruka hadde 16,8 årskyr og 88 vinterfôra sauer. Arbeidsinnsatsen var den same som i 2013, 2,2 årsverk à 1845 timar.

Kombinert mjølkeproduksjon og svinehald

For bruka med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald auka jordbruksinntekta med 4 prosent frå 2013 til 2014, men var framleis lågare enn toppåret i 2012. I gjennomsnitt for desse bruka var jordbruksinntekta kr 272 800 per årsverk i 2014. På desse bruka gjekk mjølkeproduksjonen ned med 12 prosent og var på nivå med produksjonen i 2012. Produksjon av storfekjøtt vart redusert med 22 prosent. Nedgangen i omsett svineslakt heldt fram i 2014, og gjekk ned med 11 prosent samanlikna med 2013.

Prisane på viktige produkt som mjølk, storfekjøtt og slaktegris auka. Saman med om lag uendra tilskot gjorde dette at produksjonsinntektene ikkje vart redusert med meir enn 2 prosent sjølv om produksjonen vart redusert. Reduserte variable- og faste kostnader og redusert arbeidsinnsats gjorde at ein fekk auke i jordbruksinntekt per årsverk for bruka med mjølkeproduksjon og svinehald i 2014.

Samla arbeidsinnsats i jordbruket per bruk gjekk ned 350 timar og vart på 2,2 årsverk i 2014. Driftsforma omfatta i 12 bruk med eit produksjonsomfang på 241 dekar, 17,6 årskyr, 15,1 purker, 435 smågriser for sal og 14 200 kg slaktegris.

Sauehald

Sauebruka på Vestlandet fekk auka jordbruksinntekta si for andre år på rad. I gjennomsnitt vart jordbruksinntekta på kr 163 200 per årsverk, ein auke på 15 prosent frå 2013. Likevel har sauebruka framleis lågast jordbruksinntekt av dei presenterte driftsformane. Tal vinterfôra sauer var om lag uendra, medan omsett kjøtt gjekk noko ned. Auke prisen lammekjøtt var ikkje nok til å oppretthalde produksjonsinntektene, men reduserte kostnader, både variable og faste, saman med redusert arbeidsinnsats, ga likevel ei positiv utvikling for sauebruka. Produksjonsinntektene gjekk ned med 5 prosent, dei faste kostnadene utanom avskrivningar med 9 prosent medan dei variable kostnadene gjekk ned med 15 prosent. Det var særleg nedgang i kostnadene til kraftfôr.

I 2014 omfatta driftsforma 25 bruk med i gjennomsnitt 132 vinterfôra sauer og 1,2 årsverk.

Storfekjøtt

Produksjon av storfekjøtt, enten med ammekyr eller på innkjøpte kalvar, oppnådde ei jordbruksinntekt per årsverk på kr 169 800 i 2014. Det var ein nedgang frå 2013 på 13 prosent. Det vart produsert 11 400 kg storfekjøtt på desse bruka i 2014, ein nedgang på 12 prosent frå 2013. Prisen på storfekjøtt auka, men ikkje nok til å oppretthalde husdyrinntektene som gjekk ned med 10 prosent. Tilskota auka slik at produksjonsinntektene i alt auka med 2 prosent. Auke i kostnadene og auka arbeidsinnsats med 0,2 årsverk gjorde at jordbruksinntekta per årsverk gjekk ned for storfekjøttprodusentane.

Desse bruka hadde 283 dekar jordbruksareal, 17 ammekyr, 21 kviger og oksar og ein arbeidsinnsats på 1,2 årsverk i 2014.

Frukt- og bærproduksjon

Frukt- og bærproduksjon var den driftsforma på Vestlandet som oppnådde høgast jordbruksinntekt per årsverk i 2014. Det var berre små endringar i prisane på frukt og bær frå 2013 til 2014, men gode avlingar samanlikna med 2013, bidrog til at inntektene auka med 32 %. Både faste- og variable kostnader auka med 15 prosent.

Arbeidsinnsatsen auka med 250 timar til 1,9 årsverk. Jordbruksinntekta per årsverk auka med 40 prosent per årsverk og vart kr 364 700. Fruktavlingane svingar mykje frå år til år, og jordbruksinntektene svingar meir frå år til år for denne driftsforma enn for driftsformer med husdyrhald. Det var 23 produsentar i denne gruppa. I gjennomsnitt hadde dei eit jordbruksareal på 59 dekar.

Investeringar og gjeld

Det vart investert i jordbruket på Vestlandet også i 2014, men investeringane var vesentleg lågare enn i 2013. Nettoinvesteringane var på kr 85 900 i gjennomsnitt per bruk. Gjennomsnittet for landet var kr 124 800. Av dei presenterte driftsformane var det frukt- og bærproduksjon som hadde høgast nettoinvestering med kr 134 100. På desse bruka vart det i hovudsak investert i fornying av frukthagen og i driftsbygg. Samla gjeld auka med 7 prosent for vestlandsbonden, og var på 1,99 mill. kr i middel per bruk.

Samla inntekt og jordbruksfrådrag

Driftsgranskingane viser at driftsoverskotet frå jordbruket utgjorde 43 prosent av dei samla inntektene til familien i 2014, det same som i 2013. Løsinntekt utgjorde 38 prosent og tilleggsnæring med utgangspunkt i bruket sine ressursar utgjorde 5 prosent. Resten av dei samla inntektene er anna næring, pensjonar, sjukeløn og kapitalinntekter.


Maksimalt jordbruksfrådrag var kr 166 400 i 2014. Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta i 2014 kr 308 800 i gjennomsnitt per årsverk for bruka frå Vestlandet. I alt utgjer inntektsverknaden av jordbruksfrådraget kr 34 800 per årsverk. Det er ikkje teke omsyn til inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i dei andre resultatmåla som er presenterte frå driftsgranskingane.

Tabell 2.1 Samla oversikt for 2014

	Tal bruk	Gj. areal dekar	Driftsoverskot per bruk		Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk		Skattekorrigert vederlag per årsverk	
	2014	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Vestlandet, alle	172	242	360 300	405 100	243 000	274 000	277 700	308 800
Bruk < 50 dekar	13	34	220 500	318 300	225 500	317 300	261 800	354 800
« 50 - 100 dekar	20	77	244 400	443 700	248 800	395 500	282 900	433 300
« 100-200 dekar	40	153	324 300	359 500	246 600	260 700	283 900	295 300
« 200-300 dekar	48	242	336 600	352 400	213 300	225 600	248 300	260 000
« 300-500 dekar	39	365	457 100	475 100	256 500	290 100	290 900	328 000
> 500 daa	12	636	667 400	569 900	269 800	261 500	296 600	286 200
Mjølkeproduksjon	66	293	417 000	438 100	253 600	263 100	288 600	297 100
Mjølk/sauehald	17	353	475 400	471 000	267 600	268 100	301 100	300 300
Mjølk/svinehald	12	241	525 900	498 300	262 900	272 800	293 000	306 000
Kjøttproduksjon, storfe	12	283	177 800	167 300	196 200	169 800	241 400	205 700
Sauehald	25	188	154 600	161 300	141 800	163 300	176 000	202 400
Frukt og bær	23	59	310 500	500 400	259 900	364 700	290 700	396 300
Mjølk Hordaland	17	298	381 800	442 600	231 900	253 400	266 100	285 800
Mjølk Sogn og Fjordane	19	212	315 200	360 400	224 000	242 500	260 000	280 500
Mjølk Møre og Romsdal	30	341	496 300	484 700	279 100	279 300	314 000	311 900

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.

Jordbruksinntekt per årsverk er definert som løn til alt arbeid og til rente på egenkapitalen



Figur 2.1 Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timar for Vestlandet og landet i perioden 2005–2014

3 TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING SISTE TIÅRET

Dette kapittelet viser ein del trendar og utviklingstrekk i jordbruket på Vestlandet frå og med 2004 til og med 2014. Materialet er gruppert etter region, storleik og driftsform. Nokre av gruppene er små, og for dei kan utskifting av bruk og større investeringar på einskildbruk gje utslag på resultatata. Bakgrunnsdata for figurane er deflaterte etter konsumprisindeksen, slik at alle resultatmåla er presenterte som 2014-kroner. Definisjonar av dei ulike resultatmåla er teke inn heilt sist i rapporten.

3.1 Resultatmål i jordbruket


3.1.1 Driftsoverskot

Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader per bruk. Driftsoverskotet skal dekke løn til familien, og gje vederlag til både eigen og lånt kapital.


Driftsoverskotet for bruka på Vestlandet har i hovudtrekk følgd same trenden som resten av landet i tiårsperioden, men fram til 2009 var nivået noko lågare enn landsgjennomsnittet. I 2009 nådde Vestlandsbruka same nivå som gjennomsnittet for landet. I 2014 var driftsoverskotet på Vestlandsbruka over landsgjennomsnittet for fjerde gong i tiårsperioden. Bruka med frukt og bær hadde veldig gode avlingar i 2014, og oppnådde samstundes brukbare prisar på produkta. Det gode resultatet for desse bruka bidrog til det gode resultatet dette året.



Figur 3.1 Driftsoverskot per bruk for heile landet og Vestlandet




Figur 3.2 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet




Figur 3.3 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper på Vestlandet

3.1.2 Vederlag til arbeid og egenkapital


Jordbruksinntekt er her definert som vederlag til alt arbeid og rente på egenkapitalen per årsverk, og viser kor mykje som er att til å dekke alt arbeid på bruket (også leigd hjelp), og til forrenting av egenkapitalen. Gjennomsnittet for Vestlandet følgjer same utvikling som landet elles gjennom heile perioden, men ligg noko lågare enn landsgjennomsnittet.



Figur 3.4 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk, heile landet og Vestlandet




Figur 3.5 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk, for driftsformane mjølkg/gris, mjølkg/storfekjøtt og mjølkg/sau




Figur 3.6 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk, for driftsformane frukt og sau

3.1.4 Lønsevne

Lønsevne per time er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd arbeid delt på alle innsette arbeidstimar. Lønsevna syner kor mykje som er igjen til løn når all innsett kapital har fått godtgjering, og viser kva garden kan betale per innsett arbeidstime. Rentenivået har vore lågt dei siste fem åra, og kalkulasjonsrenta har lege på 3 prosent.




Figur 3.7 Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet



Figur 3.8 Lønsevne per time for ulike driftsformer på Vestlandet

3.2 Skogbruket


Dei fleste gardsbruka i driftsgranskingane har skogareal knytt til bruket. Mesteparten av bruka driv ikkje aktivt skogbruk, og driftsoverskotet frå skogen utgjer berre ein liten del av totalinntekta. På nokre få bruk betyr derimot inntekter frå skog og utmark mykje, særleg på Nordmøre. Driftsoverskotet for skogen har auka i perioden unntatt for 2013. 2014 var eit godt år med høge tømmerprisar og god avverking.




Figur 3.9 Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet

3.3 Totaløkonomi

Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien (hushaldsinntekta) for brukarfamilien. Nettoinntekta er samla driftsoverskot frå alle næringar, løner, pensjonar, renteinntekter, verdi av eige arbeid på nyanlegg med frådrag av betalte renter og kår. I heile perioden har Vestlandet loge under landet totalt, men avstanden har minka, og i 2014 var skilnaden berre kr 2 400.



Figur 3.10 Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet




Figur 3.11 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien på Vestlandet

3.4 Nettoinvestering, gjeld og soliditet


3.4.1 Nettoinvestering

Nettoinvesteringar er investeringar gjort i løpet av året, minus avskrivningar, investeringstilskot og verdien av selde eigedelar. Positiv nettoinvestering vil seie ei oppbygging av produksjonsapparatet. Sjølv i relativt store grupper vil større investeringar på enkeltbruk gje utslag for gjennomsnittet for gruppa. Ein må derfor vurdere nettoinvestering over tid.

Vestlandet har hatt positiv nettoinvestering gjennom heile perioden. I 2014 minka nettoinvesteringane og er dei fjerde høgast i perioden. I snitt ligg nettoinvesteringa per bruk på Vestlandet godt under landsgjennomsnittet. Det var driftsforma frukt- og bærproduksjon som hadde høgast nettoinvestering i jordbruket i 2014. Investeringane på fruktbruka er i hovudsak investeringar i frukthage og driftsbygningar.




Figur 3.12 Nettoinvesteringar i jordbruket for heile landet og Vestlandet



Figur 3.13 Nettoinvesteringar for ulike driftsformer, Vestlandet

3.4.2 Gjeld


Gjeld er her all gjelda til brukarfamilien, også privat gjeld slik som gjeld til bustad, bil og studielån. I 2012 minka samla gjeld på Vestlandet i gjennomsnitt med kr 44 000 per bruk. I 2013 og 2014 er gjelda auka igjen. Gjelda stig jamt gjennom heile ti års perioden om ein ser på gjennomsnittet for landsdelen, medan det er noko ulik utvikling for driftsformane. Driftsforma mjølk og svinhald hadde høgast gjeld fram til 2012. Dei andre driftsformane har hatt ein jamn stigning i gjelda gjennom heile perioden.



Figur 3.14 Gjeld i middel per bruk for ulike driftsformer, Vestlandet

3.4.3 Soliditet

Soliditet er eit uttrykk for evna til å tåle tap. Ein kan bruke ulike nøkkeltal for å vise dette, mellom anna eigenkapitalprosenten. Eigenkapitalprosenten viser kor stor del av egedelane som er finansiert med eigenkapital. Det er ei vanleg oppfatning at eigenkapitalprosenten bør vere over 50. Høg eigenkapitalprosent gjev høve til å ta opp lån på gode vilkår. Inntening og rentefoten på lånt kapital har mykje å seie for kor høg eigenkapitalprosenten treng vere. I utrekning av eigenkapitalprosent er alle egedelar til brukarfamilien med. Eigenkapitalprosenten har jamna seg ut mellom driftsformane i perioden.



Figur 3.15 Eigenkapitalprosent for ulike driftsformer, Vestlandet

3.5 Inntektsverknad av jordbruksfrådrag

Jordbruksfrådraget er eit inntektspolitisk verkemiddel for å auke disponibel inntekt etter skatt for bøndene. Dette verkemiddelet er ikkje omfatta av WTO-avtalen. Jordbruksfrådraget vart innført i 2000 og er gradvis auka sidan. I 2007 vart maksimalt frådrag auka frå kr 71 500 til kr 142 000. Frådraget var uendra dei neste fem åra, men frå 2012 vart maksimalt frådrag auka til kr 166 400. Beløpet var uendra frå 2012 til 2014. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget påverkar ikkje resultatmåla i driftsgranskingane, og kjem i tillegg til dei presenterte resultatmåla.

Jordbruksfrådraget er etter kvart blitt ein del av inntektspolitikken i landbruket.

Jordbruksfrådraget i alminneleg inntekt vert gjeve til skatteytarar som har inntekt frå jordbruks- og/eller hagebruksverksemd, eller som driv med honning- og/eller pelsproduksjon som næring, sjølv om verksemda ikkje er knytt til jordbruk.

For 2014 galdt følgjande: Ved næringsinntekt opp til kr 63 500 vart jordbruksfrådraget lik inntekta; ved næringsinntekt frå kr 63 500 og opp til kr 334 300 vart frådraget kr 63 500 pluss 38 prosent av all inntekt over kr 63 500. Maksimalt frådrag ein kan få, er kr 166 400, ved næringsinntekt høgare enn kr 334 300. Frådraget kan delast mellom brukar og eventuell ektefelle. Skattelette vert 27 prosent av jordbruksfrådraget. Marginal skatteprosent for 2014 vart endra frå 39 prosent til 38,4 prosent. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget per årsverk, når ein reknar 38,4 prosent marginalsatt, varierer frå bruk til bruk og frå produksjon til produksjon. Vi kjem fram til inntektsverknad per bruk ved å trekke ut 27 prosent av jordbruksfrådraget og dividere dette på 0,61. Inntektsverknad per bruk vert så dividert på tal årsverk for å komme fram til inntektsverknad per årsverk.

Det vart registrert kor stort jordbruksfrådraget var på alle bruka i driftsgranskingane i 2014 for å sjå på utnyttingsgraden. I gjennomsnitt per deltakarbruk for heile landet var jordbruksfrådraget kr 132 300. For Vestlandet låg frådraget litt over det nivået, kr 139 000.

Jordbruksfrådrag føreset at skatteytar har næringsinntekt å trekke frådraget frå. Ein må også vere klar over at andre frådrag kan redusere effekten av jordbruksfrådraget. Ei viss grad av tilpassing gjer at jordbruksfrådraget også kan påverke næringsinntekta. Nokre bønder vel lågare avskrivningar for å få maksimal nytte av jordbruksfrådraget. Det gjeld særleg bruk med næringsinntekt opp mot grensa på kr 63 500 eller grensa for maksimalt frådrag på kr 334 300.

Tabell 3.1: Jordbruksfrådrag 2014, region


Regionar	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntektsverknad per årsverk
Austlandet, flatbygder	191	87	20	116 400	32 600	41 500
Austlandet, andre b.	138	59	7	122 100	34 200	37 000
Jæren	58	36	3	142 100	39 800	33 700
Agder/Rogaland, andre b.	93	49	6	130 300	36 500	33 300
Vestlandet	172	95	9	139 000	38 900	34 800
Trøndelag flatbygder	73	47	3	138 000	38 600	41 900
Trøndelag, andre bygder	74	46	0	145 300	40 700	37 400
Nord-Noreg	112	74	2	146 000	40 900	37 200
Alle	911	493	50	132 300	37 000	37 040

Tabell 3.2: Jordbruksfrådrag 2014, arealgrupper, Vestlandet

Arealgruppe	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntektsverknad per årsverk
under 50 daa	13	3	3	108 800	29 400	36 200
50-100 daa	20	9	2	120 200	32 500	34 100
100-200 daa	40	21	2	136 100	36 700	37 200
200-300 daa	48	23	1	139 300	37 600	35 000
300-500 daa	39	30	0	161 300	43 500	34 500
over 500 daa	12	9	1	139 200	37 579	26 800

Tabell 3.3: Jordbruksfrådrag 2014, driftsformer, Vestlandet

Driftsform	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntektsverknad per årsverk
Mjølkk	66	42	1	146 500	39 500	35 300
Mjølkk-svin	12	10	0	163 500	44 200	45 800
Mjølkk-sau	17	14	0	160 000	43 200	44 800
Sau	25	4	3	104 600	28 200	29 300
Frukt og bær	20	9	2	143 600	38 800	40 100



Figur 3.16 Skattejusterte jordbruksinntekter målt som skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital samanlikna med jordbruksinntekt før justering, Vestlandet og landet

4 VERDISKAPNING I LANDBRUK OG LANDBRUKSBASERT INDUSTRI I HORDALAND OG SOGN OG FJORDANE


Vestlandsjordbruket er prega av mange, små driftseiningar. Auka krav til produksjonsomfang og effektivitet for å oppretthalde lønsemda i jordbruket har slege hardare ut på Vestlandet enn mange andre stader i landet. I 2013 var det 3 141 som søkte om produksjonstilskot i Hordaland og 3 063 som søkte om produksjonstilskot i Sogn og Fjordane. Det er ein nedgang på 19 prosent og 25 prosent frå 2003. I gjennomsnitt for landet gjekk tal søkjarar ned med 22 prosent. Frå 2003 til 2013 er det fulldyrka jordbruksarealet i Noreg redusert med 6 prosent. For Sogn og Fjordane har reduksjonen i det fulldyrka jordbruksarealet vore på heile 17 prosent, medan det totale jordbruksarealet i fylket er redusert med 8 prosent i den same perioden. For Hordaland har det i same perioden vore ein reduksjon på fulldyrka jord på 20 prosent, medan det totale jordbruksarealet er redusert med 6 prosent. Stor auke i innmarksbeite gjer at jordbruksareal i alt viser mindre nedgang enn fulldyrka areal. Det betyr at det er den mest verdfulle jorda som forsvinn.

Produksjon av kjernefrukt er redusert i Sogn og Fjordane i tiårsperioden 2003–2013, medan det har vore ein auke i steinfrukt. Dei siste åra er det særleg satsa på plomme. Sogn og Fjordane har også ein omfattande bærproduksjon. Det har vore ein stor overgang frå industribær til konsumbær i perioden. I Hordaland er frukt- og bærproduksjon særleg viktig for kommunane i Hardanger, men i den siste tiårsperioden er fruktarealet redusert også i Hordaland.


Når det gjeld husdyrhaldet, er det reduksjon i tal mjølkekyr og tal mjølkebruk, medan kjøtproduksjon med ammekyr har auka i begge fylka. I Hordaland har sauetalet auka, sjølv om tal bruk med sau er redusert, medan det i Sogn og Fjordane har vore reduksjon i både tal dyr og tal bruk.

Det er til saman arbeidd om lag 5 mill. timar i jordbruket i Sogn og Fjordane og 5 mill. timar i Hordaland i 2013. Dette svarer til 2 811 årsverk á 1 845 timar for Sogn og Fjordane, ein nedgang på 873 årsverk frå 2007. For Hordaland vart det 2 700 årsverk á 1 845 timar i 2014, ein nedgang på ca. 500 årsverk frå 2007. Størst nedgang har det vore i sysselsettinga i mjølkeproduksjonen for begge fylka. Totalt utgjer mjølkeproduksjon på ku og geit 50 prosent av sysselsettinga i jordbruket i Sogn og Fjordane og 36 prosent i Hordaland i 2013. Sauehaldet utgjer 36 prosent av sysselsettinga i Sogn og Fjordane og 43 prosent i Hordaland.

Den totale verdiskapinga for jordbruket i Sogn og Fjordane, bruttoproduktet, er berekna til 885 mill. kroner i 2013. Det er ein auke på 29 mill. kroner frå 2007 rekna i faste 2013-kroner. Til samanlikning er verdiskapinga i Hordaland berekna til 797 mill. kroner for 2013 med ein auke på 3,2 mill. kroner frå 2007. Det er Gloppen kommune som har høgast verdiskaping i Sogn og Fjordane med 107,2 mill. kroner og Voss i Hordaland med 112 mill. kroner. Mjølkeprodusentane står for den største verdiskapinga i jordbruket i begge fylka. Deretter kjem verdiskapinga frå sauehald. I Sogn og Fjordane er det Hornindal kommune som har høgast verdiskaping i jordbruket per innbyggjar med kr. 19 976. Saman med Hornindal, har Gloppen, Jølster, Vik og Gaular verdiskaping per innbyggjar som er høgare enn kr. 15 000. I Hordaland er det Ullensvang som har høgast verdiskaping i jordbruket per innbyggjar med kr. 23 400.



Figur 4.1 Verdiskaping jordbruk i kommunar i Hordaland, bruttoprodukt, mill. kr



Figur 4.1 Verdiskaping jordbruk i kommunar i Sogn og Fjordane, bruttoprodukt, mill. kr

I 2013 vart det levert 8,9 mill. m³ tømmer til skogsindustrien på landsbasis. Avverkinga i Hordaland og Sogn og Fjordane utgjorde kvar om lag 2 prosent av samla avverking. Avverking av skog er den viktigaste kjelda til inntekt frå skogen for dei fleste skogeigarane. Verdiskapinga i skogbruket i 2013 i Hordland vart berekna til 154 mill. kr og i Sogn og Fjordane 134 mill. kroner.

Syssettinga i skogbruket i Sogn og Fjordane har auka frå 61 personar i 2004 til 106 i 2013. I Hordaland auka syssettinga i skogbruket med 69 personar til 148 i same perioden.

Ein stor del av jordbruksføretaka i dei to fylka som driv tilleggsnæring, 51 prosent i Hordaland og 53 prosent i Sogn og Fjordane. Utmarksnæring og leigekjøring er dei vanlegaste tilleggsnæringane i begge fylka. Verdiskaping frå tilleggsnæring er rekna til 133 mill. kroner for begge fylka. Også syssettinga i tilleggsnæring er tilnærma lik for dei to fylka, 265 årsverk i Sogn og Fjordane og 263 årsverk i Hordaland.

Det er gjort eit estimat for verdiskaping for den delen av landbruksbasert industri som ein kan sjå er avhengig av råvarer frå landbruket i dei to fylka. Samla verdiskaping for denne industrien er 1,25 mrd. kr for Hordaland og 0,6 mrd. kroner for Sogn og Fjordane.

Ser vi primærnæringa og landbruksbasert industri saman, finn vi at samla verdiskaping i 2013 var på 2,3 mrd. kroner i Hordaland og 1,7 mrd. kroner i Sogn og Fjordane.

5 TABELLSAMLING 2010-2014

Tabellsamlinga inneheld tabellar med tal frå driftsgranskingane for åra 2010–2014. Det er presentert tabellar for kvart fylke, storleiksgrupper og dei viktigaste driftsformane. Det er følgjande hovudtabellar:

1. Landsdelstal, Vestlandet
2. Fylkestal, Hordaland
3. Fylkestal, Sogn og Fjordane
4. Fylkestal, Møre og Romsdal
5. Vestlandet, storleiksgruppe I (under 50 daa), alle driftsformer
6. Vestlandet, storleiksgruppe II (50–99 daa), alle driftsformer
7. Vestlandet, storleiksgruppe III (100–199 daa), alle driftsformer
8. Vestlandet, storleiksgruppe IV (200–299 daa), alle driftsformer
9. Vestlandet, storleiksgruppe V (over 300 daa), alle driftsformer
10. Vestlandet, driftsformer, mjølkeproduksjon
11. Vestlandet, driftsformer, sauehald
12. Vestlandet, driftsformer, mjølk og svin
13. Vestlandet, driftsformer, mjølk og sau
14. Vestlandet, driftsformer, frukt
15. Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe under 15 årskyr
16. Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe 15–19,9 årskyr
17. Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe frå og med 20 årskyr

Tabellane er delt inn i seks delar: a, b, c, d, e og f

Del a: Produksjonstekniske data og oppnådde prisar.

Del b: Nettoinvesteringar

Del c: Produksjonsinntekter per bruk

Del d: Kostnader per bruk

Del e: Resultatrekning

Del f: Balanse og arbeidskapital per 31.12.

Landsdelstal, Vestlandet

Tabell 1a: Produksjonstekniske data og oppnådde priser

År	2010	2011	2012	2013	2014
Tal bruk	163	170	169	171	172
Alder på brukar	48	49	49	50	50
Arealfordeling og avling					
Korn, daa	2,9	2,7	2,6	2,4	2,5
Grovfôr, daa	215,4	222,6	227,7	225,5	232,5
Frukt og bærareal, daa	6,0	6,3	6,4	6,2	6,2
Jordbruksareal, daa	224,6	232,3	237,0	234,4	241,7
- herav leigd areal, daa	94,0	87,9	93,5	98,2	108,8
Korn ialt, FEm pr daa 1)	315	252	258	286	445
Grovfôr, FEm pr daa	317	319	327	311	347
Jordbruksareal, FEm pr daa	308	308	327	310	348
Husdyrproduksjon					
Tal årskyr	11,3	12,3	12,3	11,8	11,7
Kumjølkk, liter omsett	73 725	79 500	81 338	79 634	79 526
Mjølkekvote	77 498	86 903	92 448	88 728	91 406
Produsert mjølkk pr årsku, kg	7 184	7 132	7 224	7 352	7 467
Storfekjøtt, kg omsett	3 072	3 248	3 238	3 766	3 446
Tal smågriskull	6	5	4	4	4
Svinekjøtt slaktegris, kg omsett	2 348	2 467	2 431	2 428	2 443
Tal vinterfôra sauer (vfs)	38	37	36	35	34
Kg kjøtt pr vfs	26	24	26	27	25
Ull, kg omsett pr vfs	4,4	4,2	4,0	4,1	3,9
Årsgaier	2,9	3,1	2,9	2,2	2,5
Geitemjølkk, liter omsett	1 834	1 701	1 724	1 415	1 609
Mjølkekvote	2 093	2 009	2 037	1 707	1 787
Produsert mjølkk pr årsgaite, kg	736	666	650	710	742
Arbeidsforbruk, timar					
Brukar	1 993	2 053	2 121	2 029	1 976
Ektefelle	325	365	355	348	323
Barn under 17 år	16	21	14	22	3
Sum familie	2 334	2 439	2 491	2 399	2 302
Leigd arbeid	826	900	905	887	900
Sum timar i jordbruket	3 160	3 339	3 396	3 286	3 202
Sum timar i skogbruket	34	30	28	35	28
Familiens arbeid på nyanlegg	64	38	36	29	35
Oppnådde priser					
Bygg, kr pr kg	2,01	2,03	1,95	2,30	2,26
Havre, kr pr kg		4,07			
Kumjølkk, kr pr l	4,31	4,40	4,78	4,67	4,89
Kukjøtt, kr pr kg	34,95	36,93	40,10	43,92	43,39
Anna storfekjøtt, kr pr kg	41,51	44,36	46,07	49,05	51,30
Smågris for sal, kr pr stk.	816	876	851	775	867
Svinekjøtt slaktegris, kr pr kg	23,55	24,88	25,21	24,80	26,06
Sau- og lammekjøtt, kr pr kg	38,68	40,32	42,77	46,36	49,68
Ull, kr pr kg	26,41	29,33	29,73	32,08	31,09
Geitemjølkk, kr pr l	5,27	5,82	5,84	6,22	6,12
Egg, kr pr kg	13,88	14,34	16,06	16,18	15,11

1) Inkl. nytta halmavling

Tabell 1b: Nettoinvesteringar

År	2010	2011	2012	2013	2014
Jord, grøfter og vassanlegg	3 253	10 455	9 110	9 876	15 956
Driftsbygningar	49 575	8 549	13 810	95 056	36 145
Maskinar og reiskap	32 928	14 615	21 887	27 855	25 126
Mjølkvote (ku og geit)	4 764	4 194	7 979	9 520	8 638
Sum nettoinvesteringar	90 520	37 814	52 786	142 308	85 865

Tabell 1c: Produksjonsinntekter per bruk

År	2010	2011	2012	2013	2014
Korn	1 557	1 221	911	1 487	2 415
Frukt og andre planteprodukt	75 354	75 470	91 656	89 160	124 204
Planteprodukt i alt	76 911	76 691	92 567	90 646	126 619
Husdyrprodukt					
Storfe, mjølk	317 489	349 605	388 967	371 565	389 126
Storfe, livdyr	13 772	19 279	21 854	23 056	23 321
Kuslakt	49 844	54 760	63 672	72 635	68 648
Anna storfeslakt	78 133	94 362	95 696	112 458	102 398
Smågris	23 731	24 086	20 540	17 858	20 648
Slaktegris	54 936	61 534	61 454	59 790	63 765
Avlsgris	5 827	5 415	2 074	1 241	1 500
Sauer, livdyr og slakt	42 162	39 080	42 278	47 949	48 578
Ull	4 197	4 399	4 326	4 685	4 223
Geiter, mjølk	9 666	9 899	10 071	8 797	9 848
Geiter, livdyr og slakt	660	916	1 003	1 397	989
Andre inntekter, husdyrhald	21 973	13 187	1 315	20 169	25 771
Husdyrprodukt i alt	622 391	676 521	737 175	741 600	758 815
Tilskot					
Kulturlandskapstilskot	37 969	39 265	40 058	39 827	41 034
Arealtilskot, grovfôr	32 684	36 129	41 499	40 893	41 820
Arealtilskot, korn	686	650	668	640	753
Produksjonstillegg, husdyr	86 451	91 337	101 739	104 713	106 640
Botnfrådrag	-3 168	-3 143	-3 120	-3 135	-3 122
Drifts-, grunn og distr.tilskot	130 113	140 166	156 608	162 599	176 229
Beitetilskot	24 086	28 105	31 217	31 938	34 829
Regionale miljøtilskot	7 840	10 274	10 344	10 844	13 300
Refunderte avløyserutgifter	49 478	55 008	57 428	58 054	59 225
Andre tilskot	13 352	20 136	9 484	24 826	23 235
Tilskot i alt	379 491	417 927	473 984	471 199	493 943
Leigeinntekt, traktor og reiskap	14 900	14 422	13 602	14 679	16 477
Andre inntekter	1 382	7 048	4 763	5 929	9 954
Produksjonsinntekter i alt	1 095 470	1 192 610	1 306 656	1 324 054	1 405 808

Tabell 1d: Kostnader per bruk

År	2010	2011	2012	2013	2014
Variable kostnader					
Kraftfôr	204 911	220 176	244 753	252 872	261 471
Anna fôrkostnader inkl. beiteleige	21 021	22 587	18 038	22 233	15 979
Såvarer	4 012	4 623	5 906	8 815	6 067
Handelsgjødsele og kalk	28 382	36 191	42 239	44 234	43 813
Plantevernmiddel	4 813	4 303	5 009	4 598	5 438
Konserveringsmiddel	6 567	6 769	7 293	6 172	6 958
Andre forbruksartiklar m.v.	53 968	60 105	69 049	70 999	79 605
Kjøp av dyr	30 768	40 408	40 227	42 489	43 605
Sum variable kostnader	354 443	395 163	435 443	456 243	462 936
Faste kostnader					
Leigd arbeid	87 625	102 519	109 400	108 714	112 665
Drivstoff	20 452	23 907	25 184	27 300	27 430
Vedl.h. jord, vegar, grøfter og vassanl.	6 255	8 258	10 278	9 588	9 971
Vedl.h. driftsbygningar	31 941	32 970	34 750	33 701	32 395
Vedl.h. traktor og maskinar	44 300	54 408	56 792	51 865	56 106
Avskr. jord, vegar, grøfter og vassanl.	3 064	3 536	3 870	4 221	4 385
Avskr. driftsbygningar	56 546	58 038	58 444	65 055	71 934
Avskr. traktor og maskinar	43 861	47 584	51 678	54 288	58 258
Maskinleige	31 526	36 639	36 589	37 155	46 301
Leige av dyr og bygningar	7 794	8 809	8 330	8 392	7 481
Leige av kvote	2 378	2 701	2 489	2 219	2 364
Andre faste kostnader	97 989	99 287	101 161	104 997	108 441
Sum faste kostnader	433 730	478 656	497 243	507 495	537 731
Kostnader i alt	788 172	873 819	932 686	963 738	1 000 668

Tabell 1e: Resultatrekning

År	2010	2011	2012	2013	2014
Resultatrekning i jordbruket					
Driftsoverskot	307 298	318 791	373 970	360 317	405 139
- Renter av jordbruksaktiva 1)	57 188	60 554	62 362	67 201	74 760
Familiens arbeidsforteneste	250 110	258 237	311 608	293 115	330 378
Familiens arbeidsforteneste pr årsverk	177 235	175 249	209 432	202 390	236 043
Lønsevne	337 735	360 756	421 007	401 829	443 043
Lønsevne pr. time	106,87	108,05	123,97	122,28	137,15
Vederl. til arb. og egenkap. pr årsverk	212 320	213 895	244 134	243 011	273 990
Skattejustert vederlag per årsverk	239 554	239 647	275 456	277 673	308 787
Rekneskapsamdrag					
Driftsoverskot, jordbruk	307 298	318 791	373 970	360 317	405 139
Driftsoverskot, skogbruk	2 955	7 522	9 504	671	7 888
Driftsoverskot, tilleggsnæringar	44 342	54 510	37 739	39 103	48 649
Driftsoverskot, andre næringar	30 886	20 654	28 470	27 033	35 845
Løsinntekt	298 953	321 220	320 157	332 156	362 071
Pensjonar og sjukepengar	25 592	28 286	30 778	43 800	47 335
Gevinst/utbyte verdipapir	814	8 037	9 704	11 004	16 070
Familiens arbeid på nyanlegg	10 718	6 532	6 775	5 248	6 543
Renteinntekter	10 596	12 930	13 771	18 124	18 424
- Renteutgifter	54 821	60 191	59 677	68 997	70 037
- Kårutgifter	7 140	7 796	8 444	6 878	7 669
Nettoinntekt	670 192	710 494	766 497	765 309	870 259
Privatforbruk ekskl. skatt	422 303	476 224	454 785	505 985	518226
Betalte skattar	166 566	175 598	185 259	198 845	211464

Tabell 1f: Balanse og arbeidskapital per 31.12.

År	2010	2011	2012	2013	2014
Omløpsmidlar					
Kontantar og bankinnskott	539 871	540 146	650 916	780 386	783 168
Andre krav	187 252	197 936	210 020	244 886	319 935
Omløpsmidlar, jordbruk	132 102	149 416	155 223	155 697	169 931
Omløpsmidlar, skogbruk	268	295	282	319	569
Omløpsmidlar, tilleggsnæringar	14 244	13 714	18 928	27 358	28 790
Omløpsmidlar, andre næringar	215 271	219 415	269 063	327 492	318 659
Omløpsmidlar i alt	1 089 007	1 120 922	1 304 431	1 536 140	1 621 052
Anleggsmidlar					
Anleggsmidlar, jordbruk	1 822 594	1 899 353	1 958 637	2 158 580	2 375 907
Anleggsmidlar, skogbruk	42 610	51 654	56 448	59 366	67 930
Anleggsmidlar, tilleggsnæringar	184 573	193 126	193 445	185 463	214 969
Anleggsmidlar, andre næringar	31 148	33 950	37 053	50 841	59 390
Privat, hovudbygningar	539 792	568 255	572 445	620 613	684 829
Privat, anna	168 915	198 397	198 363	233 298	233 934
Anleggsmidlar i alt	2 789 632	2 944 735	3 016 390	3 308 160	3 636 960
Eigedeler i alt	3 878 639	4 065 657	4 320 821	4 844 300	5 258 012
Eigedeler i jordbruket	1 954 696	2 048 768	2 113 860	2 314 277	3 257 004
Kortsiktig gjeld	293 906	324 473	365 194	408 891	400 900
Langsiktig gjeld	1 333 691	1 379 857	1 295 343	1 454 425	1 600 109
Eigenkapital	2 251 042	2 361 327	2 660 284	2 980 984	3 257 004
1) Kalkulasjonsrente	3,0 %	3,0 %	3,0 %	3,0 %	3,0 %

Fylkeстал, Hordaland

Tabell 2a: Produksjonstekniske data og oppnådde prisar

År	2010	2011	2012	2013	2014
Tal bruk	59	60	60	63	59
Alder på brukar	48	48	49	49	50
Arealfordeling og avling					
Korn, daa	0,6	0,6	0,3	0,4	0,3
Grovfôr, daa	187,4	191,5	193,0	194,6	204,2
Frukt og bærareal, daa	14,1	14,4	14,4	13,5	14,1
Jordbruksareal, daa	202,1	207,2	208,4	209,1	219,4
- herav leigd areal, daa	82,9	73,6	80,4	90,0	101,4
Korn ialt, FEm pr daa 1)	210,0	210,0	210,0	512,0	133,3
Grovfôr, FEm pr daa	292,0	307,0	298,0	284,0	302,8
Jordbruksareal, FEm pr daa	272,0	284,0	297,0	285,0	302,7
Husdyrproduksjon					
Tal årskyr	9,1	9,6	9,0	9,2	9,8
Kumjølkk, liter omsett	61 301	63 044	62 683	63 367	66 257
Mjølkekvote	62 935	71 551	69 932	73 328	76 907
Produsert mjølk pr årsku, kg	7 433	7 298	7 673	7 561	7 484
Storfekjøtt, kg omsett	2 522	2 715	2 532	2 870	2 637
Tal smågriskull	3	3	2	1	1
Svinekjøtt slaktegris, kg omsett	1 969	2 481	1 544	1 688	2 597
Tal vinterfôra sauer (vfs)	46	48	45	42	37
Kg kjøtt pr vfs	27	23	25	26	24
Ull, kg omsett pr vfs	4,1	3,7	3,0	3,8	4,0
Arbeidsforbruk, timar					
Brukar	1 879	1 870	1 899	1 834	1 895
Ektefelle	344	384	327	330	372
Barn under 17 år	18	27	15	27	18
Sum familie	2 242	2 281	2 241	2 191	2 286
Leigd arbeid	793	826	896	976	909
Sum timar i jordbruket	3 035	3 107	3 137	3 167	3 195
Sum timar i skogbruket	17	20	16	20	13
Familiens arbeid på nyanlegg	44	39	39	24	11
Oppnådde prisar					
Kumjølkk, kr pr l	4,31	4,44	4,76	4,69	4,93
Kukjøtt, kr pr kg	35,75	37,83	40,68	44,17	44,03
Anna storfekjøtt, kr pr kg	41,13	45,31	46,37	48,76	52,26
Smågris for sal, kr pr stk.	1 087	978	874,77	801,80	849,58
Svinekjøtt slaktegris, kr pr kg	23,18	25,15	25,43	23,20	26,74
Sau- og lammekjøtt, kr pr kg	39,05	41,23	43,44	47,07	50,91
Ull, kr pr kg	26,17	30,30	30,04	31,54	31,40
Egg, kr pr kg	13,90				

1) Inkl. nytta halmavling

Tabell 2b: Nettoinvesteringar

År	2010	2011	2012	2013	2014
Jord, grøfter og vassanlegg	5 777	16 139	19 684	11 151	33 925
Driftsbygningar	21 924	15 655	3 451	8 219	16 008
Maskinar og reiskap	16 357	21 102	19 763	31 132	17 779
Mjølkekvote (ku og geit)	4 288	2 722	2 204	1 767	7 599
Sum nettoinvesteringar	48 346	55 617	45 102	52 269	75 311

Tabell 2c: Produksjonsinntekter per bruk

År	2010	2011	2012	2013	2014
Planteprodukter					
Frukt og andre planteprodukt	130 190	114 372	143 735	152 009	199 308
Planteprodukt i alt	130 190	114 372	143 735	152 009	199 308
Husdyrprodukter					
Storfe, mjølk	264 504	279 834	298 217	296 997	326 633
Storfe, livdyr	12 488	15 718	23 123	23 021	19 239
Kuslakt	41 143	50 391	49 068	62 285	63 285
